

Retningslinjer for viltfondet i Austrheim kommune

1. Heimel

Retningslinjene har heimel i «*Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*», fastsett av Direktoratet for naturforvaltning 23. mai 2001.

2. Føremål

Føremålet med fondet er å skapa økonomisk bakgrunn for å fremja viltforvaltninga i Austrheim kommune. Fondet skal brukast til å fremja ei forsvarleg og berekraftig forvaltning av vilt innanfor kommunen sitt ansvarsoråde.

3. Definisjon

Austrheim kommune sitt viltfond er eit bunde driftsfond som kommunen forvaltar innanfor rammene til føreskrift «*FOR 2001 nr. 520: Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*». Disponering av fondet er Austrheim kommune sitt ansvar. Fondsmidlane skal stå på renteberande konto og renter og inntekter skal tilførast fondet fortløpande.

4. Organisering og mynde

Viltfondet vert forvalta av det politiske organet som til ei kvar tid er ansvarleg for viltsaker i kommunen. Utvalet kan delegera mynde til Rådmannen.

5. Bruk av fondet

Fondsmidlane kan m.a. nyttast til:

- Tiltak for å fremja viltforvaltninga, styrkja kunnskapen om viltet, jaktorganisering, kunnskap om naturen og leveområda til viltet og det biologiske mangfaldet i kommunen.
- Utgifter til kommunen si handtering av fallvilt og ettersøk av skada vilt og nødvendig utstyr til dette føremålet.
- Tiltak for å førebyggja skade på landbruksnæring som skuldast hjortevilt.
- Kjøp av varer og tenester vedkomande handsaming og analyse av innsamla data om viltet.

Fondsmidlane kan ikkje nyttast til:

- Kommunal administrasjon av viltforvaltninga (løn, møtegodtgjersle, reiser m.v.).
- Skotpremiar.
- Erstatning av skader som skuldast viltet.
- Inngjerding av eng og forproduksjon.

6. Tildeling av midlar frå fondet og krav til søknad

- a) Renteavkastning og årlege inntekter gjev rammer for tildeling av tilskot. Det kan tildelast midlar frå viltfondet til lag, verksemder, organisasjonar, institusjonar, kommunen og einskildpersonar.
- b) Det skal gjerast kjent for ålmenta kvart år på heimesida vår og/elleri lokalavis at ein kan søkje om viltfondsmidlar. Søknadsfristane vert sett til 1. april og 1. september.

- c) Tilskot vert gjeve etter søknad og på grunnlag av planar og kostnadsoverslag for tiltaket. Søknaden må innehalde kva tiltaket går ut på og kvifor ein søker om viltfondsmidlar. Søknaden må visa kva utgifter og eventuelle inntekter ein kan ha på tiltaket, kven som har nytte av tiltaket, og framdriftsplan for arbeidet.
- d) For førebygging av skade på landbruksnæring kan det gjevast inntil 50 % tilskot.
- e) Utbetaling kan skje når tiltaket er gjennomført og skriftleg stadfesting på det ligg føre frå søker. Frist for gjennomføring av tiltaket er normalt to år (tilsegnsåret + eit heilt kalendarår). Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnaden for tilskotet, kan Austrheim kommune krevja tilskotet tilbakebetalt heilt eller delvis.
- f) Rådmannen disponerer inntil kr. 25.000,- årleg av midlar frå viltfondet til tiltak etter pkt. 5, første og andre strekpunkt.

7. Andre tilhøve

Vedtak om tildeling av midlar frå viltfondet vert ikkje sett på som enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunale midlar. Utvalet sine vedtak kan såleis ikkje klagast på.

8. Iverksetjing

Retningslinjene trer i kraft straks dei er vedtatt av kommunestyret.